



## KULTUROPPLEVING

**Opningstid:** Ver ute i god tid for booking

**Prisar:** Etter avtale

**Telefon:** 91 55 14 55

**E-post:** hallgrib@online.no

### Hallgrim Berg - humorist og spelemann

Opplev den kjende forteljaren, forfatteren, stortingsmannen, m.m. i fri hallingdressur!

Kåseri, soger, skrøner, munnharpe-magi....

Hallgrim Berg er Hallingdals-kjendis i kulturell særklasse og den første i landet med yrkestitelen "kulturist" (cool tourist). Han er mannen som lever sitt liv med konstant olympisk periodedeling: 4 år på Voss landsgymnas, 8 år på Blindern, 4 år som lektor, 12 år i kommunestyret, 8 år på fylkestinget, 16 år på Stortinget, 8 år i Europarådet, 4 år i reiselivet, 32 år som danseinstruktør og 44 år som spelemann. Til å ha levd i 140 år er han framleis ungdommeleg og svært talefør. Med sterke opplevingar frå mange miljø har han mykje på lager - alt på klingande hallingdialekt.

Med folk/tekno-CD og suksessboka "Når sevja stig - 101 saftige soger" i 2003 har den tidlegare politikaren fornya seg som artist og makelaus skrøneforteljar.

Hans motto er: "Lev godt, lev lenger!"

Fleksibelt opplegg etter avtale, gjerne frå 15-20 opp til 40-45 minutt.